

## Den norske arkitekturen

I denne serien reiser **Ronny Spaans** rundt i landet og ser korleis det står til med arkitekturen i norske byar og bygdebyar. Ronny Spaans er journalist i Dag og Tid.



Gran sør er den nye norske tettstaden. Kjøpesenter og parkeringsparker rår. Er det slik vi vil ha det nye Noreg? Alle foto: Ronny Spaans

# Gran: bysentrum ute av kontroll

**I Gran på Hadeland finn vi den nye norske tettstaden. Her er Noregs største forretningsbygg i tre reist. Her er eit skulebygg med trefasade opna. Men skaper det trivsel? Nei, til det er dei overdimensjonerte.**

### ARKITEKTUR

TEKST OG FOTO:  
RONNY SPAANS  
ronny@dagogtid.no

**S**lik er stadutviklinga i Gran på Hadeland: I 60- og 70-åra vart det bygt forretningsbygg i Gran sentrum. Dei er på om lag 500 kvadratmeter. I 1988 skjedde det ei mentalitetsendring. Då vart Smietorget opna, det er på 12.000 kvadratmeter. For akkurat tjue år sidan, i oktober 1994, opna Granstunet kjøpesenter. Det vart utvida i 2010. Bygget er på 17.000 kvadratmeter.

I 2012 kom bygningen til Coop Extra Gran, han er på 6000 kvadratmeter. I år vart kjøpesenteret Almenningstråkket reist, som er på 9200 kvadratmeter. Bygget er oppsiktsvekkjande: Det er det største forretningsbygget i tre i landet. Vi kan leggje til Hadeland vidaregåande skule: Det har trefasade og er 19.000 kvadratmeter stort.

Tendensen er klår: Det nye Gran veks fram, men ikkje i form av fleire bygningar, men i form av større bygningskompleks. Samtidig flytter sentrum seg sørøst, for kjøpesentra ligg i Gran sør, midt i innkøyringa til tettstaden.

Hadeland var lenge eit småkongerike, der tettstader som Lunner, Gran og Brandbu tevlar om statusen som distriktssentrum. Men no har Gran stukke av meg sigeren. Her skjer den store «verdiskapinga» – som det heiter.

Men ein gigantisk handelspark sentrert kring ei rundkøyring – er det slik vi vil ha sentralisering og fortetting? Historia om Gran er historia om ei sentralisering som løper løpsk.

#### «PORNOFILMSJAPPA»

Eg er ikkje den fyrste arkitekturreporteren som tek turen frå Oslo til rundkøyringa ved Gran, der det passerer om lag 13.500 bilar i døgeret.

Hans Olav Brenner har vore

her. Turen vart synt i programmet «Brenner – historier fra vårt land» på NRK1 januar 2013. Han beit seg òg merke i kolossane kring rundkøyringa, særleg i Coop Extra Gran, som minte han om ei «pornofilmsjappe på svenskegrensa». Ryktet om det stygge bygget hadde spreitt seg til Oslo, vart det sagt.

Dermed sleppte han katten ut or sekken. Innslaget varde ikkje meir enn femten minutt, men det avfødde flau avsløringar hjå kommunefolk og debatt i lokalavisene om tema ein aldri hadde tenkt på før i høve til byplanlegging, som utsjånad og estetikk.

Leiar for det kommunale planutvalet, Tine Øverlier, fortel at ho var heilt ubudd på at Coopbygningen vart som han vart. I eit intervju med Oppland Arbeiderblad seier ho at teikningane var heilt annleis enn det resultatet vart.

Eit «råbygg» og ein «kasseliknande bygning, aldeles uten vinduer på bakkeplan», skreiv Terje

Nilsen i Oppland Arbeiderblad. Sidan har andre sagt si mening; det har vorte oppretta sider om Gran på Facebook. Nybygga ved rundkøyringa blir kalla «flyhangarar» og «bygg i ubestemmelig materiale».

#### PLANKAR PÅ VEGGEN

Kritikken gjeld ikkje berre Coop Extra-bygget. Fylkesmannen kravde saman med Statens vegvesen mindre volum på Almenningstråkket. Fylkesmannen tok òg til motmæle fordi Rema 100 ynskte å bli leigetakar i det nye signalbygget.

Detaljhandel skal bli verande i sentrum, heiter det som kjent. Men nett som i tilfellet med Coop Extra-kassen vart nasjonale retningslinjer for veike i møte med mektige utbyggjarar. Rema 100 fekk plass i bygget som berre var regulert til storhandel.

Kor som er, treverk har det i alle fall vorte ved rundkøyringa. Kiwi-butikken i stål ser ut til å ha

vorte underleg skamfull der han ligg attmed dei nye grannane sine i tre. No vil denne grå kassen òg ha trepanel. Her og der er det snikra opp tunne trepanel.

Betre prov på halvhjarta freistnader på stadtypisk arkitektur frå dei store daglegvarekjedene finst ikkje. Ein kan i tillegg spørja seg om tre er så typisk for arkitekturen på Hadeland. Mellomalderbygg som Steinhuset, Systerkyrkjene og Tingelstad kyrkje i det vakre naturlandskapet på Hadeland er av stein, og det har vore tradisjon å byggje i teglstein i området.

#### «BORGENE» PÅ HADELAND

– Debatten har vore styrd av kva materiale ein nyttar, men ein må òg spørja seg korleis bygget kommuniserer med omverda. Med lange vindaugslause fasadar blir bygningen ei borg. Slike borger finst det mange av på Hadeland.





«Brenner» på NRK1 gjorde i fjor den nye Coop Extra-låven landskjend (til venstre). Bygningen fekk ein heilt annan utsjånad enn den opphavlege teikninga (til høgre).

Det seier landskapsarkitekt Ellinor May Aas til Dag og Tid. Ho arbeider i Bymiljøetaten i Oslo, men bur på Hadeland.

Eg tenkjer vidare på det Aas sa når eg tek den nye skulebygningen i aunesyn. Oppland Fylkeskommune har investert om lag 640 millionar i bygget. Prosjektet er dermed eitt av dei største fylkeskommunen har gjennomført i Oppland etter Lillehammer-OL.

Reisinga av skulen skjedde i namnet til sentralisering og medførde nedleggjing av vidaregåande skular andre stader på Hadeland. Men skulebygget har òg fått kritikk. Det har berre kapasitet til 850 elevar; i dag er det hundre elevar for mykje. Kontrollutvalet i Oppland seier dei er kritiske til byggjeprosessen ved Hadeland vidaregåande skule.

#### ELEVAR ELLER BILAR?

I lag med redaktør for Hadeland avis Sissel Skjervum Bjerkehagen går eg til bygningen.



Redaktør for Hadeland avis Sissel Skjervum Bjerkehagen framfor Hadeland vidaregåande skule.

Arkitekt Stein Sole ville unngå ein massiv bygningsmasse. Biblioteket og kultursalen er difor forma som ein lett synleg boks på toppen av bygningen. Idretts-hallen er lagd under bakken.

– Skulen er eit døme på at det kan byggjast god arkitektur i sentrum, seier Bjerkehagen.

Eg er heilt samd, men samtidig tenkjer eg på kva byplanmessig grep ein kunne teke som kunne ha gagna heile byen. Kva om ein delte opp skulen i fleire små einingar som vart plasserte både nord og sør i Gran – der ein etablerte møtestader mellom bygningane. Det store talet skuleelevar ville forme ein stor ressurs.

No, derimot, i friminutta og etter skuletida, strøymer elevane ut på dei store parkeringsplassane ved rundkøyringa. Fører det ikkje til farlege situasjonar med alle bilane?

#### LIKET SOM VART DELT

Å dela ting mellom seg er ein tradisjon i Noreg. Då Halvdan Svarte kom på vitjing til Hadeland på 800-talet, reiste han over ein

## – Med lange vindaugslause fasadar blir bygningen ei borg. Slike borger finst det mange av på Hadeland.

Ellinor May Aas, landskapsarkitekt

islagd Randsfjord. Hest og slede gjekk gjennom isen og vikingkongen drukna. Stormenn frå Romerike, Vestfold og Hedmark ville ha liket med seg for hauggjgging. Snorre fortel at dei vart samde om å dele liket opp, så alle fire regionane fekk kvar sin Halvdanshaug.

Hadeland har om lag 30.000 innbyggjarar og er samansett

av kommunane Gran, Lunner og Jevnaker. Få distrikt har så mange sentrum som Hadeland – Jevnaker, Roa, Lunner, Jaren, Harestua og Grua. Så kjem Vassenden og Brua – som er dei gamle namna på Gran og Brandbu. Her har tradisjonen også vore å spreie og ikkje å samle.

Ironisk nok har tidlegare sentraliseringstiltak skapt nye sentrum. Då Gran var slede i hop med Brandbu kommune i 1962, vart det nye rådhuset som eit kompromiss lagt ved den gamle kommunegrensa, i Jaren. Så der ligg det i dag, midt i eit villastrok, langt unna Gran sentrum.

No går ein debatt føre seg om kvar ein ny sjukeheim skal plasserast. «Som frosker i en brønn ser de opp på himmelen over seg og tror at de ser helheten», heiter det i leiaren i Hadeland avis måndag denne veka om debattantane i denne striden.

Utviklinga på Gran er positiv i det perspektivet, for det handlar om å styrkje regionen gjennom eitt sentrum. Men ei mening med sentralisering og fortetting er å skapa intime tettstader tilrettelagde for mjuke trafikantar. Skjer det i Gran sentrum?

#### BRANDANE I BRANDBU

Medan eg er på Hadeland, reiser eg til dei andre tettstadene i området. I same kommune som Gran, i Brandbu, støyer eg på nokre underlege figurar på torget. Dei byggjer på ei segn; dei føresteller branden, kjempa, som vart vekt av kyrkjeklokkene på Tingelstad og kasta ein stein på kyrkja for å få slutt på bråket.

– Vi har ei tevling på gang. Den kunstnaren som lagar den finaste branden, vinn 50.000 kroner, fortel Morten Christian

Mo, som er leiar for Landsbyen Brandbu 2020 – ein organisasjon som slæst for at Brandbu skal utvikle seg som landsby, ikkje by.

Konkurransen handlar ikkje berre om kunstnarstønad, han har ei djupare mening:

– Eg har budd mange år i Florida. Der vitja eg ein landsby som nytta ørn som lokal identitetsmerke. Det hadde stor effekt, folk kom dit for å kjøpe ørnestatuar. Ved å tenkje i same banar vil vi at Brandbu skal skilja seg ut. Målet er at Brandbu skal bli den mest attraktive landsbyen innan 2020.

#### LANDSBYANE

Brandbu er ikkje åleine om denne tankegangen. Brandbu samarbeider med andre bygder som baserer seg på eit landsbyprosjekt, som Dokka, Flisa og Ringeby. Den sistnemnde tettstaden fekk Statens bymiljøpris i 2011. Brandbu kan lukkast; staden har ein idyll intakt som Gran er i ferd med å misse.

På veg sør etter, attende til Oslo, passerer eg andre tettstader. Idealet er tydelegvis Gran sør. I Lunner sentrum er det stillestående. Aktiviteten finn du på Roa i same kommune, som fylt med kasseliknande «råbygg», strategisk plassert attmed parkeringsøydemarkar og ein bensinstasjon.

Denne bymodellen blir meir og meir vanleg i Noreg. Folk er «sjeleglade for enhver utvikling, så en lar utviklinga skje fort», vart det sagt på «Brenner» på NRK1. Men kor mange kamelar skal ein svelgje før det går opp for ein at ein taper meir enn ein vinn på slik hasardiøs stadutvikling. I det lange løpet kan det syne seg at brandane på Brandbu, ikkje kassane på Gran, stikk av med sigeren.



**Eidsvoll**  
Nasjonal vogge truga av monumentalismen i Gardermoen.



**Brønnøysund**  
Svært kjøpesenter plassert i sentrum prega av låghus.



**Sogndal**  
For mange betongkasser med flate tak.



**Tromsø**  
Brokut arkitektur, men byen har sjarm.



**Stavanger**  
Spenstig arkitektur utan vektleggjing på signalbygg.



**Kristiansand**  
Mellom småhus og stormannsgalenskap.



**Ål i Hallingdal**  
Det skal meir enn bonderaud fasade til å gjera ei bygd bonderomantisk.



**Ålesund**  
Gje oss detaljane og arabeskane attende, livsgleda i jugendstilen!



**Kragerø**  
Perfekt på grensa til keisam.



**Bergen**  
Bergen sentrum får så mangt eit hjarta til å smelte.



**Rakkestad**  
Har lagt ned kjøpesenteret og flytt handelen inn til sentrum.



**Voss**  
Homogent og vakker byrom, men utkanten av sentrum øydelegg heilskapen.



**Arendal**  
Har potensial til å bli ein av landets vakreste. Difor vert ein vonbroten. Jamvel gamlebyen er skjemd ut.



**Roros**  
Det mest imponerende er at alle kommunale institusjonar enno ligg i gamle trehus.



**Risør**  
Ein av Noregs best bevarte truga av eit stort byggeprosjekt.



Asif på «Bakt potet» har kortreist mat for ein billeg penge.

## – Ein vedvarande katastrofe

– **K**jøpesenterutviklinga som no går føre seg i Noreg, er svært kritikkverdige. Mange norske bygder og byar er i ein fortvila situasjon, dei ynskar økonomisk vekst, og når næringslivet kjem, ser det ut til at politikarane slepp til kva som helst.

Det seier Jan Olav Jensen som er arkitekt i Jensen & Skodvin arkitektkontor og professor ved Arkitekt- og designhøgskolen i Oslo. Han har fylgt med på kjøpesenterbygginga i Noreg over lang tid og meiner ho er særleg uheldig fordi Noreg frå før har ein veik bytradisjon.

– I eit byplanperspektiv er det ein vedvarande katastrofe. Det skaper elendige stader og øydelegg i stor grad det vesle av by vi har i Noreg, særleg på mindre stader. Er det kjøpesenterbyar vi vil ha, blir resultatet deretter: innelukka, bilbaserte kjøpehallar der omsetjinga skal vera høgast mogeleg, og der vareutvalet blir innsnevra. Resten av tettstaden blir i stor grad lagd øyde. Ringverknadene på langt sikt blir ikkje rose-raude. Utviklinga er heller ikkje i samsvar med samtida, kanskje vil kjøpesentertrenden døy ut av seg sjølv. Eit viktig moment er at internetthandelen aukar. Men det som er bygt, vil jo uansett bli ståande, og det hjelper ikkje tettstadene våre i rett lei.

– I Gran seier leiaren for det kommunale planutvalet at ho ikkje sjølv var klar over korleis utfallet vart då eit kjøpesenter vart reist. Har politikarane

ikkje oversikta lenger?

– Det er ikkje dårleg kunnskap som er problemet, men at politikarar lét seg presse av utbyggjarar på jakt etter profitt.

**– Kjøpesentra øydelegg i stor grad det vesle av by vi har i Noreg, særleg på mindre stader.**

**Jan Olav Jensen,  
professor ved Arkitektur-  
og designhøgskolen**

Det gjeld politikarar frå alle parti. Kommunepolitikarar har tronge budsjett og lét seg overtala eller rett og slett lure av daglegvarekjedene som er ute etter billige, kortsiktige løysingar og maksimering av eiga omsetjing.

– Men mange stader er det Coop som byggjer ut kjøpesenter, det gamle samvirkelaget. På nettstaden deira står det at dei «tek samfunnsansvar» og vil ha ei «berekraftig utvikling». Er ikkje det til det beste for folket?

– Nei, Coop driv som dei andre kjedene rein business. Dei vil tena mest mogeleg, og tekstene på nettstadene tippar eg er skrivne av informasjonskonsulentar som jobbar med brurepynting, eller for å seia det med reine ord: Dei tøyser sanninga.



Kiwibutikken vil ikkje lenger vera stålgrå. Han har fått eit par trefjøl på seg, så han kan bli litt «stadtypisk».

## Arkitektur

Almenningstråkket er det største forretningsbygget i tre i landet. Bygningen på Gran har vorte ein referanse for andre byggjeprojekt. Det gjeld òg den nye skulen med trefasade. Det er hyggjeleg at ein er medviten på materialval, men kva hjelper det når proporsjonane er galne? Kontrasten er stor til det kupert kulturlandskapet med bygningar som Hadeland er kjent for: Steinhuset, systerkyrkjene og Tingelstad kyrkje av stein, reist i 1264.



Terningkast: 2

## Møteplassar

Det finst mange fine museum og årlege arrangement i Hadelandsregionen. Gran er kjent for Potetfestivalen, medan i Brandbu har landsbyfestivalen vorte arrangert dei to siste åra. Utfordringa er å finne møteplassar i tettstadene som meir og meir blir dominerte av kjøpesenterbygningar, som er stengde på kveldstid. Med den store elevmassen skulle det vera mogeleg å fylle tome lokale i Gran nord med aktivitetstilbod.

Terningkast: 3

## Kollektivtrafikk

Kort veg til Oslo og til Oslo Lufthamn gjer Hadeland attraktivt. I dag er vegen krunglut og tungvint. Det tok to og ein halv time å køyre frå Oslo til Gran i rushtida. Toget på Gjøvikbanen brukar ein time på same distanse. Det er heller ikkje godt nok. Toget krummar seg gjennom Nordmarka, det er dårleg straumforsyning og for få krysningspor. Turen burde ta tretti minutt. Men det er store planar i gang. Statens vegvesen byggjer ein firefelts veg gjennom Hadeland, ein ny Riksveg 4, med tunnel aust for Gran sentrum. Arbeidet vart påbyrja i fjor.

Terningkast: 2

## Mattradisjonar

Hadeland er kjent for Brandbu pølsemakeri, med butikklokale i Brandbu og Gran. Diploma over alle prisane dei har vunne, heng i lokala, og disken er full av fysnemat, leverpostei, elgkjøt og medisterkaker. I Gran finn du òg Hadeland Landhandel med lokal og regional mat. Men underleg nok finst det ingen restaurantar som tilbyr lokal mat. Dei beste restaurantane i Brandbu og Gran er kina-restaurantar. Men mot sør, mot Roa og Jevnaker, finst Garveriet og Oldemors karjol. Vi skal ikkje gløyme snøggmaten. Gløym burgar og kebab: Ei matbu ved Granstunet har spesialisert seg på bakt potet – potetane er frå Hadeland.

Terningkast: 5

## Sykelstigar

Kongevegen over Hadeland går i eitt av Noregs vakreste kulturlandskap. Her finst Granavollen med systerkyrkjene, Lunner kyrkje og idylliske stigar langs Randsfjorden. Attpåtil er det ikkje lange vegen til Nordmarka og Oslo. Kongevegen er populær for syklistar. Det blir verre med Gran, sentrum er ikkje tilrettelagt for sykling. Den nye riksvegsplanen inneheld ingen planar for sykkelstigar. Det bør koma eit samanhengande, separert sykkelnettverk for heile distriktet.

Terningkast: 3

## Råd til framtida

Byggjinga er ute av kontroll i Gran. Utbyggjinga av Vassen den sør dreg i tillegg byen søretter, bort frå den gamle sentrum. Om enn hovudgata i nord ligg tett ved det nye Gran sør, er det ikkje garantert at aktiviteten blir verande i nord i sentrum. Ørsta har vist oss at eit sentrumsnært kjøpesenter kan øydeleggje for tradisjonelle handlegater. Politikarane, ikkje daglegvarekjedene, bør styre denne utviklinga. Gran bør finne att balansen.

RONNY SPAANS



**Alta**  
Byen er spreidd i fleire sentrum med høge hus. Løysinga er forfetting og fleire bustader i sentrum.



**Oslo**  
Fjordbyen skulle bli ein bydel for Oslo-folket, men utfallet er kynisk eigedomsspekulasjon.



**Fredrikstad**  
Ein schizofren plankeby.



**Hammerfest**  
Hammerfest byd på det klasiske nordnorske arkitektoniske kaoset.



**Trondheim**  
Byr på perler som Stiftsgården og Erkebispegården. Minus for kontor-infernoet på Brattøra.



**Lillehammer**  
OL kom med byliv og infrastruktur. I festrusen gløymde dei området kring Mesna-elva.



**Kongsberg**  
På Vestsida står arkitektoniske skattar på rad. På andre sida av Lågen er inntrykket meir variert.



**Bodø**  
Grunnlaget til atterreisingsarkitekten er ikkje fylgt opp. Forfall og gråe murar merkjer byen.



**Sandnes**  
Sandnes er ein uferdig by. Mange nybygg er for monumentale og vantar inkluderande uteområde.



**Sandvika**  
Her er Olav Thon byplanleggjar.



**Lom**  
Ved å byggje i tradisjonell stil skaper lomværingene ei bygd for framtida.



**Tønsberg**  
Tønsberg kallar seg mellomalderby, men det finst ikkje eit einaste mellomalderbygg der.



**Hamar**  
Attåt positive byggjeprojekt som er i gang, bør Hamar satse på fleire vinteraktivitetar.



**Ørsta-Volda**  
I Ørsta har Amfi kjøpesenter beste tomte. Kulturbygda Volda er samansett av koselege trehusgater.



**Levanger**  
kan bli Nord-Trøndelags Røros, men det må større innsats til.